

Eigedomsseksjonen

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune

27 FEB 2015

5020 Bergen.

Søknad på

«Midler til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk 2015»

Stend vgs søker midler til følgjande prioriterte prosjekt:

1. Tak over gjødselkum.

I år 2000 fekk Stend opprustingsmidler til gjødselkum som mellomlager for husdyrgjødsel. Kummen er bygd opp av 17 stk 4 m høge betongelement satt i ein ring, med ei overflate på vel 120 m² og volum på 480 m³. Kummer er åpen og samler dermed nedbør. Med den nedbørshøgda vi har her på våre kanter, samler den fort over 2m nedbør gjennom eit år. Dette er eit volum som vi treng til å lagre møkk i gjennom vinteren, og vi har i mange år ønska oss tak over kummen. Entrepenøren Stend har rammeavtale med har gitt tilbod på nytt tak, til ein samla pris på

Kr 167.000,- + mva

2. Vendeplog.

Ei god pløgsle er fundamentet for eit vellukka åkerarbeid. Fornying av enga kvar 5.-7. år tilseier 50-70 da med åker kvart år her på Stend. I ei travel våronn treng arbeidet gå raskt unna og her vil ein 3-skjærs vendeplog vere eit viktig bidrag. Den vil i tillegg redusere nødvendig arbeid med planering av pløgsla i etterkant, ettersom ein ikkje treng lage såkalla opplegg i pløyearbeidet. Opplegget er i tradisjonell pløyning eit svakt punkt der ugras lett vil vokse igjennom pløgsla. Bruk av vendeplog vil og redusere drivstoff-forbruket ved at det blir mindre tomkjøring, ettersom ein kan pløye begge veier (vender plogen).

Innhenta prisar tyder på ein kostnad på om lag

Kr 130.000,- + mva

3. Steinsamler.

Jorda på Stend har ifrå naturen si side (breelvterrasser/morenegrus) eit høgt innhold av stein. Det samme gjeld jorda på alle areal som er tilbakeført etter å ha vore brukt som avfallsfyllingar for Bergen kommune. No er tida inne for at desse gamle avfallsfyllingane etterkvart må tilførast nye jordmassar pga setningar i avfallet, med ujamn overflate og bakfall i dreneringsgrøfter og dermed våte området som konsekvens. Dette arbeidet med tilkjøring av ny jord har starta opp og vil fortsetje i åra framover. Om få år skal også over 100 da nytt areal i Hordnesskogen (steinfyllinga til Statens vegvesen) tilbakeførast som jordbruksareal. Sjølv om det er eit krav frå skulen si side at topplaget skal vere fri for stein, vil der alltid ligge att store mengder småstein som må bort. Det tekniske utstyret som i dag vert nytta for eksempel under innhausting av gras (slåmaskin, river, finsnitter, rundballepresser..),

er så dyrt og flott utstyr at det krev jamne fine bør utan oppstikkande steinar for å kunne fungere pålitelig og godt. Å få Stein inn i finsnittaren får fort katastrofale føljer for utstyret, og med driftsstans som konsekvens. Føljeleg treng vi kjøpe småsteinsamler og innhenta pris på norskprodusert utstyr (Tempi frå Globus fabrikker - som i pris er på linje med dansk tilsvarende) tilseier ein kostnad på

Kr 200.000,- + mva.

4. Traktor.


Vi ønskjer også å skifte ut ein av hovedtraktorane på garden med ny. Traktoren vi ønskjer bytte er vår gamle John Deere 6310 frå 2002, og som no er kjørt over 8500 timer.

Ny traktor i denne størrelsen kan vi kanskje få til om lag 600 000 kr. Med 100 000 kr i innbytte for den gamle, står vi att med

Kr. 500.000,- + mva.


Samla søknadssum: Kr 997.000 + mva.

Stend 18.02.2014


Magnus Vaktskjold

Magnus Vaktskjold

- Rektor -


Erling Kjosås

Erling Kjosås
- gardsstyrar-